



Arkitektkontoret Vaardal-Lunde AS
Kanalveien 11
5068 BERGEN

Referanser:

Dykkar:

Vår: 19/338 - 19/4715

Saksbehandlar:

Larissa Dahl

larissa.dahl@meland.kommune.no

Dato:

27.02.2019

Godkjenning -Endringsløyve for plassering av fritidsbustad - gbnr 51/33,47 Landsvik

Administrativt vedtak. Saknr: 44/2019

Tiltakshavar: Gunda Marie Falao Sparre

Ansvarleg søkjar: Arkitektkontoret Vaardal-Lunde AS

Søknadstype: Søknad om ending av løyve til tiltak etter plan- og bygningslova (pbl) §§
20-1 og 20-3/20-4

SAKSUTGREIING:

Tiltak:

Saka gjeld søknad om endring av gitt rammeløyve til riving og oppføring av fritidsbustad, jf. vedtak i sak 2009/2179 DS 293/09, datert 10.07.09. Endringa gjeld forskyving av fritidsbustad mot sør i samsvar med situasjonskart motteken 20.02.19.

Det vert elles vist til søknad om endring mottatt 20.02.19.

VURDERING:

Nabovarsling og privatrettslege tilhøve:

Tiltaket er ikkje nabovarsla i samsvar med pbl § 21-3. Det er ikkje trong for ny nabovarsling då endringane ikkje får verknader for naboane.

Lov- og plangrunnlag:

Omsøkt fritidsbustad og føreliggjande endringar i plasseringa er i samsvar med planen.

Ferdigstilling:

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 98 36413
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

VEDTAK:

«Meland kommune gir i medhald av pbl § 20-1 løyve til endring av tiltak godkjent i vedtak dagsett 10.07.09 (DS-293/2009) for endring av plassering av fritidsbustad på gbnr 51/33 og 51/47, jf søknad motteke 20.02.2019. Grunngevinga går fram av saksutgreiing og vurdering ovanfor.

Tiltaket skal utformast og plasserast som vist på vedlagt situasjonskart journalført motteke 20.02.19. Tiltaket skal utførast i samsvar med vilkår gitt i eller i medhald av plan- og bygningslova så framt det ikkje er gjort unntak.

Dersom tiltaket ikkje er sett i gong seinast 3 år etter at løyve er gitt, fell det bort. Det same gjeld dersom tiltaket blir innstilt i lengre tid enn 2 år, jf pbl § 21-9.

Dei opplysningar om byggetiltak og tiltakshavar som kjem fram i søknaden blir registrert i matrikkelen, jf Matrikkellova. Matrikkelen er det offisiell registeret for fast eigedom, bygningar, bustader og adresse.»

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til Fylkesmannen i Hordaland, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det blir klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunnjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Gebyr for sakshandsaminga blir ettersendt. Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det blir kravd gebyr. Det kan klagast over kva for punkt i gebyrregulativet gebyret er berekna ut frå.

Med helsing

Marianne Aadland Sandvik
Juridisk rådgjevar, byggesaksansvarleg

Larissa Dahl
Konsulent

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Søknad om endring re. plassering - Hytte Landsvik GBNR 51/33

Vedlegg:

E-postmelding: Søknad om endring re. plassering - Hytte Landsvik gnr. 51, bnr

Mottakrar:

Arkitektkontoret Vaardal-Lunde AS	Kanalveien 11	5068	BERGEN
Gunda Marie Falao Sparre	Nordnesveien 42	5005	BERGEN